

Hallo i nedslagsfeltet!

Med ei veke ferie til gode, må eg berre seie dette har vore ein veldig fin ferie. Den siste tida har treningsmessig vore veldig bra. Eg har springe mange mil kvar veke, blant anna på «yndling-springe-vegen» min i frå Fjellsætra og innover grusvegane til Fausa. Med vakker natur gløymer eg nesten av tida når eg spring der. Eg har også sykla litt og ikkje minst gått på mange fjellturar når vêret har tillate det. Tida har også gått med til å samle krefter til eit nytt skuleår. Frå og med neste helg blir det oppstarting på skulen igjen. Det blir nok ein gradvis overgang i frå ferie til skule med opningsfest, aktivitetsdag og fjellturar. Eg trur faktisk det ikkje blir så verst å begynne på skulen igjen. Eg føler meg svært motivert og eg gler meg til å kome inn i gamle rutinar igjen, sjølv om ferie er vel og bra! Og sjølvfølgje gler eg meg til å sjå at gode vener eg ikkje har sett på ei ganske



lang stund!

Utsikt mot Jakta i frå toppen av Slogen. Må vere ei av verdas vakraste skue!





Skårasalen har også vorte besøkt. Turen til Slogen og Skårasalen må vere dei flottaste fjelltoppane eg har besøkt. For ei utsikt!

Mi personlige form er no vurdert til: 7,5